

## RAPPORT FRÅ ANLEGGsutVALET SI SYNfARING 3.APRIL 2017

### RADØY KOMMUNE

I Radøy kommune har det vore to friidrettsanlegg:

- GRØNÅLEN FRIIDRETT, anleggsnr. 1260000102  
Grønålen (Manger) var ei friidrettsbane med 333m løpebane, og med kulering/sector samt plass til lengde og høgde. Dette er no bygd om til kunststoff-fotballbane.
- HORDABØ IDRETTSPlass, anleggsnr. 1260000503  
Her var det eit delanlegg for friidrett, men einaste no er att er ei 100m løpebane grus. (5 eller 6 baner) Ellers er det fotballarèna som dominerer. (privat anlegg – Hordabø IL)

Begge desse er no lagt ned som friidrettsanlegg. Men både på Manger og på Hordabø er det kanskje interesser for å få i stand friidrettstilbod på nytt gjennom å få til noko anlegg.

Bilete, Hordabø:





## **MANGER**

Anleggsutvalet hadde eit møte på rådhuset der Bente Koppervik Hervik representerte Radøy kommune, Bjørn Ove Myking, Radøy Idrettsråd og Odd Matre frå idrettslaget. ( Einar Vevatne, Arne Reigstad og Birger Tomasgard frå anleggsutvalet)

Det var eit konstruktivt møte der FRIPLASSEN vart presentert som eit alternativ til det som er nedbygd. Mogelege plasseringar vart diskutert. Idrettslaget og kommunen vil no vurderer dette vidare, og anleggsutvalet sa seg interessert i vidare kommunikasjon om ei løysing.

## **HORDABØ**

Ved sida av kunststoff-fotballbane er der ei god naturgras-fotballbane. Difor er det mogeleg å få til spydkast med tilløp frå øst. Dette tilløpet kan også leggjast med ei lengdegrop i andre enden. ( fins også alternativ lengdeløysing) Der er også plass til kuling/sector. Det ligg godt til rette for å leggja fast dekke på den 100m grusbana som er der no. (5 el. 6 baner)

(Eit anna utskote og planert område ved sida av kunststoff-fotballbana hadde høvd godt til FRIPLASSEN, men på synfaringa vart det opplyst at der skal det bli parkeringsplass.)

På synfaringa vart det frå både idrettslaget og frå idrettsrådet si side uttalt positiv haldning til å få etablert friidrettstilbod på idrettsanlegget. Arne Reigstad sa seg villig til å vera til hjelp i planlegginga.

Med på synfaringa var: Frode Myking, Hordabø IL, Bjørn Ove Myking, Radøy Idrettsråd, Einar Vevatne, Arne Reigstad og Birger Tomasgard frå anleggsutvalet.

Bilete:

